

Nytt og fint gjerde i sentrum

17.09.2012



Stilig, nytt gjerde i sentrum

Sentrum i bygda er inne i ein klar opprusting. Det er ikkje berre mellom Rabben og Spar det har kome opp eit nytt og fint gjerde. Også mellom Uskedalsvegen 578 og 580 er eit nytt gjerde på plass. Og sjølv om det ikkje er så fantasifullt som det andre er det stilig og passar inn i miljøet. Det kjem til erstatning for ein noko rufsete vegetasjon som er fjerna i sin heilheit.

uskedalen.no får opplyst at det er dei nye eigarane av huset i nummer 578 (vis a vis Gamleskulen) som har stått for denne investeringa. Det er med andre ord pensjonistparet Anna og David Aga frå Granvin som kjøpte huset i 2009 og tydelegvis trivs som feriegjester i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Anna og David Aga foran huset sitt etter kjøpet for 3 år sidan